



Vang kommune

Direktoratet for byggkvalitet

Dykker ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vår dato:

LUNING -22/524 -15

10.02.2023

22/7801 - Innspel til høringsforslag om endring i byggteknisk forskrift §7-2 og §7-4

Etter avtale med Sebastian S. Law i e-post 21. desember 2022 har Vang kommune fått utsett frist til 10. februar, slik at kommunestyret i Vang fekk tid til å behandle innspelet. Vang kommunestyre behandla i sak 003/23 innspel til høyringa og sender med dette inn innspel til høringsforslag om endring i byggteknisk forskrift §7-2 og §7-4.

Skutshorn, Vang kommune

Vang kommune, i Innlandet fylke, har eit stort ustabilt fjellparti som ligg 600 meter over innsjøen Vangsmjøse (466 moh.). Deler av fjellpartiet på opp mot ti millionar kubikkmeter er i rørsle med opptil tre centimeter i året. Eit større fjellskred frå Skutshorn kan føre til ei flodbølgje som kan ramme busetnad langs Vangsmjøse, inkludert kommunesenteret i Vang. Fjellpartiet er i dag under periodisk overvaking, men vil bli sett under kontinuerleg overvaking av NVE i løpet av 2023. NVE har fått utarbeida flodbølgjekart som viser faresoner for fjellskredet inkludert flodbølgje som følgje av fjellskred. Faresonene rundt Vangsmjøse har sannsyn som er større enn 1/1000 per år og sannsyn større enn 1/5000 per år jamfør tryggleiksklassene i TEK17. Det er ingen bygningar som ligg i sone for direktetreff ved fjellskred frå Skutshorn. Innanfor faresonene for flodbølgje ligg det omlag 462 bygningar innanfor sone 1/5000 og omlag 376 bygningar innanfor sone 1/1000. I Vang kommune er områda som blir råka av faresonene i hovudsak område med spreidd busetnad som ligg regulert i kommuneplanen, med unntak av områda i tett tilknyting til kommunesenteret som er detaljregulert.

Innspel til endringsforslaget

I innleiinga til høringsnotatet står det at formålet med dei føreslege endringane å legge til rette for å oppretthalde verdiskaping, utvikling og levedyktige lokalsamfunn i fareområder, samtidig som persontryggleiken er teke i vare. Det blir og vist til intensjonen i plan- og bygningsloven (tbl.) om tilrettelegging for ei fornuftig og forsvarleg samfunnsutvikling.

Endringa i §7-2 gjev opning for etablering av storulukkeverksemder i flaumutsette områder. Det er også føreslått å avgrensa forbodet mot bygningar som er avgjerande for nasjonal eller regional beredskap, og opna for at kravet kan oppfyllast gjennom sikringstiltak. Vang kommune kjem ikkje til å kommentere endringa i §7-2 då den i liten grad angår kommunen på noverande tidspunkt.

Endringa i §7-4 tek for seg vilkåra for utbygging i områder som har fare for fjellskred og flodbølgje som følgje av fjellskred. Endringsforslaget er meint å vere ei presisering av dagens føresegn og samtidig forenkle krava ut i frå risiko.

Det er i dag 9 høgrisiko objekt som blir kontinuerleg overvaka av NVE, 17 ustabile fjellparti blir periodisk overvaka. I høyringsnotat står det at det er registrert rundt 300 ustabile fjellparti i Norge. I høyringsnotatet står det lite om kva type områder som har kartlagt fare for fjellskred og kva sannsyn som dominerer i faresoner som følgje av fjellskred inkl. sekundærverknadar.

Med krav om beredskapsplanar og overvaking slik at ein kan varsle ved eit evt. fjellskred vil det ikkje vere faren for liv og helse, men dei materielle tapa som skal avgjere kvar me kan byggje og bu og fortsetje å bu. Slik Vang kommune ser det er det distrikta i Noreg som i hovudsak blir ramma, då dei ustabile fjellpartia ligg ute i distrikta.

Det blir nemnd at krava i TEK17 er risikobaserte, det vil sei strengare krav ved større sannsyn og det blir difor no føreslege å differensierte krav for sannsyn større og mindre enn 1/5000.

Vang kommune sitt innspel til høyringa er følgjande:

- Det blir opna opp for at vilkåra i TEK17 §7-4 skal bli risikobaserte, og det blir føreslege å differensierte mellom sannsyn større og mindre enn 1/5000. Vang kommune meiner at dette forslaget i realiteten ikkje gir særlig endring. Kva tiltak kjem under sannsyn mindre enn 1/5000? I byggeteknisk forskrift er det i §7-3 i hovudsak delt opp i tre tryggleioklasser S1, S2, S3 som omhandlar sannsyn der største nominelle sannsyn er 1/5000. Forslaget som ligg føre er at for dei områda med sannsyn mindre enn lik 1/5000 skal kunne oppdaterast gjennom ei forenkla planendring etter plan- og bygningsloven §12-14. Det er veldig avgrensa moglegheit å nyte denne forenklinga, dette meiner me fordi:
 - Det er ikkje for tiltak som er omfatta av tryggleioklasse S1, S2 og S3.
 - Forenkla planprosess etter plan- og bygningsloven §12-14 kan berre kan nyttast for detaljreguleringar, men ikkje kommunedelplanar eller kommuneplanen sin arealdel. Plan- og bygningslova §12-14 opnar berre opp for å nyte den forenkla planprosesesen dersom endringa i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovudrammene i planen, og heller ikkje rører omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

For at Vang kommune skal kunne nyte unntaka i TEK17 §7-4 må kommunen gjennom full planprosess for alle areal som ligg innanfor faresonene slik forslaget til forskrift er lagt fram.

- Det står i høyringsnotatet til §7-4 og nytt fyrste ledd, side 16, at endringa er meint å vere ei presisering av dagens føresegn. Det blir vist til at departementet har motteke tilbakemeldingar om at det har vore utfordrande å vurdere/tolke omgrep slik som avgjørende samfunnsmessig betydning. Departementet skriv vidare at vilkåret vil kunne vere oppfylt dersom ei samfunnsøkonomisk kost-nytte-analyse viser at utbygginga vil gje ein betydeleg gevinst i kommunen. Kva er ein betydeleg gevinst, og kven er det til å definere dette? Kva konsekvensar vil dette ha for distriktskommunar med spreidd busettnad i samanlikning med ein tettstad/by?

Med helsing

Ingeborg Lunde
Arealplanleggjar
Dir. tlf.: 992 30 305
E-post: ingeborg.lunde@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til:

Kommunal- og
distriktsdepartementet
v/Law Sebastian Stene